



LEIGESATSAR Strandahallen

Gjeldande frå 01.01.2026

1. LEIGESATSAR VED ARRANGEMENT

- a) Lag/organisasjonar som leiger hallen til arrangement der det er billettinntekter/deltakaravgift betalar ein leigepris på:
kr 380 pr. time dei første 2 timane
kr 200 pr. time etter dei første 2 timane
- NB! Minste leigetid er 2 timar**
Leiga omfattar ikkje garderober
- b) Lag/organisasjonar som leiger hallen til andre inntektsgjevande arrangement som t.d. tombola, marknader, arrangement med matsalg, loddsalg o.l. der det ikkje er billettinntekter betalar ein leigepris på:
- | | |
|----------|------------------------------|
| 1/1 hall | kr 3 500 pr. arr. dag |
| 1/2 hall | kr 2 100 pr. arr. dag |
- Leiga omfattar ikkje garderober**
- c) Lag/organisasjonar som leiger hallen til ikkje inntektsgjevande arrangement som har kulturell verdi betalar ein leigepris på:
- | | |
|----------|---|
| 1/1 hall | kr 900 inntil 3 timar |
| 1/1 hall | kr 2 100 for kvar dag utover 3 timar |
- Leiga omfattar ikkje garderober**
- d) Lag/organisasjonar som leiger garderober i hallen betalar ein leigepris på:
kr 95 pr. time per garderobe
+ reinhald fakturert etter brukte timar/kostnad
- e) For arrangement som ikkje kjem under punkta ovanfor, vert leiga fastsett i kvart einskild høve av kulturleiar.
- f) For lag utanom Stranda kommune som berre nyttar garderoberne ved hallen, er leiga kr 300 per garderobe/per gang.

NB! Dersom ein ved arrangement også skal leige rom i Stranda ungdomsskule (slik som allrom/amfi/vestibyle/toalett/kiosk og kantinekjøkken), så har desse lokala eigne leigesatsar.

2. LEIGESATSAR VED TRENING

- a) Det vert ikkje teke leige for trening etter oppsett timeplan for lag i Stranda kommune.
- b) For trening på dagar då hallen og skulen er stengd for vanleg trening, dvs. på helgedagar, laurdagar, søndagar og i feriar, skal alle lag i Stranda kommune betale:
 - 1) Kr 300 pr. time når ein nyttar salen + 1 garderobe
 - 2) Kr 185 pr. time når ein nyttar berre salen
 - 3) Eit tillegg som under pkt. 1 f) dersom ein nyttar fleire garderobar
- c) I særskilde høve kan einingsleiar Kultur og fritid fastsetje andre leigesatsar for trening.

3. LEIGESATSAR I SKULETIDA

På dagtid (kl. 08:00-15:30) kan Strandahallen leigast ut til undervisningsinstitusjonar som skular, barnehagar o.l. **Dei skal betale kr 185 pr. sal pr. time.**

NB! Opningstidene i Strandahallen følgjer skuleåret